



Hordaland barne- og ungdomsråd  
Postboks 408 SENTRUM  
5805 BERGEN

Dato: 29.01.2016  
Vår ref.: 2014/986-21  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Brev til Hordaland barne- og ungdomsråd

I samsvar med Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 skal eksisterande tilskotsordningar på kulturfeltet gåast gjennom for å tilpasse dei betre til kulturlivet sine aktuelle behov og til dei vedtekne satsingane i planen.

Fylkesrådmannen har sett nærmere på føremål og kriteria i ordninga *Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå*. Som fylkesrådmannen la inn i budsjettframlegget, og som var vedteke i sak 95/2015 i Fylkestinget 9.12.2015, føreslo fylkesrådmannen å gjere ordninga sterkare knytt til medlemstal, formulere om tittelen på ordninga noko og å styrke aktivitet gjennom andre tilskotspostar.

Nye retningsliner for ordninga *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* vart handsama politisk av Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) i møte 19.01 ([PS 18/2016](#)). Fylkesrådmannen sine forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

I ordninga *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* er det vedteke i KIRU at stønaden vert berekna ut i frå medlemstal, geografisk breidde, ungdomsmedverknad mv. Den summen som tidlegare vart fordelt med grunnlag i aktivitet er lagt inn i tilskotsordninga *Kulturtiltak barn og ungdom – amatør*. Desse midlane vil vere mogleg å søkje for fleire organisasjonar og aktørar. Den summen som tidlegare vart fordelt etter grunnstønad og medlemsstøtte har fått ei auke på omlag 20 %. Organisasjonane får dermed ei auke i sine frie midlar.

Slik vil dei fylkeskommunale midlane i *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* vere reine driftsmidlar og ikkje ei blanding mellom driftsmidlar og aktivitetsstøtte. Aktivitet må liggje i botnen i organisasjonen for å verte tilrådd driftsmidlar, men den skjønsmessige vurderinga vil ikkje lenger liggje til grunn for 50 % av midlane. Ettersom den skjønsmessige delen («Fri pott») er flytta frå ordninga, vert det ei kvantitativ fordelinga av driftsmidlane i denne ordninga. Dette inneber at det ikkje lenger er behov for at Hordaland barne- og ungdomsråd bidreg til opplysning av saka i førebuingsfasen, jfr. forvaltningslova §17.

Hordaland fylkeskommune takkar Hordaland barne- og ungdomsråd for godt samarbeid gjennom mange år om denne saka.

Per Morten Ekerhovd  
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
Seksjonsleiar / Utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.